

Program for

ASKVOLL

VENSTRE



For perioden 2011-2015



venstre

Venstre prioriterar folk først

Venstre sin politikk og Askvoll kommune

Askvoll Venstre er eit liberalt parti som vektlegg enkeltmenneske si friheit sers høgt. Demokrati, ytringsfriheit og organisasjonsfriheit er sentrale liberale rettingheiter. Dei viktige avgjerslene som gjeld fellesskapet skal takast av fokevalte organ.

Askvoll kommune er frå naturen si side tilgodesett med ein variert natur, frå dei ytterste øyane med livskraftige bygdesamfunn til dei indre fjordmiljøa der ein har fjella som nærmeste nabo. Dette gjev grunnlag for eit variert næringsliv, alt frå fiskeri, oppdrett, landbruk, industri, varehandel og privat og offentleg tenesteyting.

Den største ressursen i kommunen er innbyggjarane sjølve. Askvoll Venstre er glade for at vi har aktive og kreative bygdelag som gjer kommunen til ein god stad å bu gjennom sitt engasjement for heimstaden. Velforeiningar og grendelag er viktige medspelarar for kommunen for å setja viktige lokale saker på kartet.

Askvoll kommune sitt naturlege kommunesenter er Askvoll. Her får vi godt tilbod innan vare og tenesteyting. Eit avgjerande element for framtidig vekst og utvikling i kommunen er tilgangen til arbeidsplassar. Det er no sett i



gang eit samarbeid med næringslivet som vi vonar vil gje nytableringar og spennande arbeidsplassar. Sjølv om nytableringar er viktige må vi ikkje gløyma det eksisterande næringslivet.

Kommunen vår har også mange pendlarar, t.d. til Førde men det er også mange som har sitt arbeid innan fiskeri, fraktfart og oljerelaterte næringer. Desse er sers viktige for kommunen fordi dei er med og sikrar busetnaden og bidreg med viktige skatteinntekter. Ei hovudoppgåve framover vert å sikra eit godt kommunalt tenestetilbod slik at Askvoll kommune vert eit naturleg val når det gjeld busetnad.

Askvoll Venstre meiner vi har mange positive element som vil påverke framtida til kommunen, td realisering av Dalsfjordsambandet som vil opne opp ny arbeidsmarknad samt planane for industriekst på Lutelandet. Her er det viktig at vi er framsynte og nyttar moglegheitene. Vi har også ledig industriareal i eigen kommune som vi må marknadsføre og skape vekst på.

Born og unge i kommunen vår

Askvoll Venstre vil at born og unge skal oppleve det som trygt og godt å veksa opp i kommunen. Dei har krav på, og skal ha, eit godt pedagogisk innhald i barnehage, ein god skule med motiverte lærarar samt valfridom når det gjeld vidaregåande skule. Det er eit mål å sikre transportløysingar som mogleggjer å bu heime under vidaregåande utdanning for dei som ynskjer det.

Borna er framtida både for oss sjølv og kommunen. Det er sers viktig at dei får ein oppvekst som gjev høve for å utvikle eigne kvalitetar både fagleg og sosialt. Dette gjer vi best, etter vårt syn, gjennom å ha nærheit til skule og barnehage og å leggja til rette for ulike fritidsaktivitetar som til døme danseverkstad, kulturskule og aktive idrettslag.

Oppvekstsektoren må sikrast midlar slik at ein kan skape ein læresituasjon som opplevast som gjevande og stimulerande.



Oppdaterte lærebøker, ein vedlikehalden bygningsmasse, og lærarar som er fagleg trygge og motiverte er nøkkelen til dette.

Born og unge er sjølvstendige individ som har eigne behov og draumar. Askvoll Venstre vil vera lydhøre ovanfor desse, og vil prioritere samarbeidet med ungdomsrådet når det gjeld saker som er viktige for dei.

Venstre vil:

- oppdatere læremateriellet i barnehage og skule
- stimulere til kompetanseheving i barnehage og skule
- betre vedlikehaldet på undervisningsbygg
- at det skal vera nærliek til barnehage og skule
- vidareutvikle tilbodet i kulturskulen
- støtte danseverkstaden



Samferdsel og næring i kommunen

For å kunne driva næring er ein, i dei fleste høve, avhengig av eit godt samferdsletilbod, dette gjeld både infrastruktur, godstransport og persontrafikk. Dette er eit felt der det er mange uløyste problem i kommunen vår, og desse vil ha eit spesielt fokus frå oss i Venstre den kommande perioden.

I det moderne næringslivet er breiband og mobildekning avgjерande for dei moglegheitene ein har. Askvoll Venstre vil jobbe for at alle i kommunen skal ha eit fullgodt tilbod.

For eit parti som er spesielt opptatt av småbedrifter og gründarar, vil rammetilhøva for desse ha særskild merksemeld. Døme på slike er betra sosiale ordningar for sjølvstendig næringsdrivande og avgifts- og skattenivået.

Det faktum at Askvoll kommune no har status som omstillingsskommune gjev oss høve til å kunne utvikle samarbeidet mellom politikarane og næringslivet. Dette vonar vi skal gje resultat i ein styrkja kommune næringmessig sett.

Tradisjonelt har primærnæringane hatt ei avgjerande stilling i kommunen vår. Desse næringane opplever i dag stadig større krav til effektivisering og kapitalkrav. Landbruk er ei av disse næringane som lir under dette. Dersom vi framleis skal ha landbruk som næring i kommunen må utøvarane sikrast ei inntekt på linje med andre i samfunnet.

Innbyggjarane i kommunen vår har krav på sikre vegar både når det gjeld transport til skule og



barnehage, arbeid og fritid. Utbetring og rassikring av viktige vegar i kommunen er eit område som må prioriterast. Askvoll Venstre vil vera ein pådriver for dette.

Omlag 33% av innbyggjarane bur på øyer i kommunen, og er avhengige av å ha eit godt ferjemateriell og eit godt rutetilbod. Faste godsruter er også viktige for både næringslivet og private. Askvoll Venstre vil jobbe aktivt for å sikre kvaliteten og regulariteten i dette tilbodet.

Venstre vil:

- realisere fastlandssamband til Atløy
- støtte arbeidet med kyststamvegen
- stå på for utbetring og rassikring av rv 609
- sikre ein god gods- og persontrafikk
- støtte omstillingssarbeidet i kommunen
- arbeide for nyetableringar



Godt helsetilbod og varm velferd

Individet sine behov endrar seg gjennom livsyklusen. Det er eit hovudmål for oss at vi skal ha eit godt fungerande helsetilbod og ambulansesteneste som svarer til dei lokale behova. Varm omsorg der individet vert møtt med respekt og forståing skal vera idealt for omsorga i kommunen vår.

Kjerna i Venstre sin helse og omsorgspolitikk er at fleire oppgåver må løysast nærmere den ein-skilde brukar, dvs, i primærhelsetenesta. Primærhelsetenesta er den delen av helsevesenet som er organisert i kommunen. Den skal gi folk tryggheit for at dei får nødvendig helsehjelp der dei bur eller oppheld seg. Framtidas helsetenester må gje tryggheit for alle.

Vi ynskjer å styrke arbeidet for å betre folkehelsa i kommunen vår, i samsvar med den nye samhandlingsreforma. Vi ynskjer å setje mennesket i sentrum.

Vi ynskjer å styrke heimetenesta til dei eldre i kommunen, slik at dei som ynskjer, kan bu lengst mogeleg i heimen sin. Men også legge til rette for at dei som ynskjer å bu i eldrebolig/-heim, får mogelegheit for dette.

Samtidig ynskjer vi å gi Brukerstyrt Personlig Assistanse (BPA) for personar med assistansebehov. BPA handlar om friheit og rettferdigheit til å leve fullverdige liv, uavhengig av funksjonsnivå. BPA kan gjere menneske til ein ressurs. Ingen mennesker er like, men vi er alle likeverdige.



Varm velferd handlar om pasienten og den som gjev pleie og omsorg. Dei som bur i kommunen skal kunne kjenne seg trygge på at dei får hjelp når dei treng det.

Sosiale tenester og trivselstiltak er viktig helsearbeid.

Venstre vil:

- ta vare på Nærmiljøsentralen
- gjere 2.etg Helsehuset lett tilgjengeleg
- ha fullverdig helsesøster- og jormorteneste
- gjere legevaktordninga meir brukartilpassa, spesielt for dei på øyane
- ha eit samfunn tilrettelagt for alle
- styrke rehabiliteringstenester som fysioterapi og ergoterapi for dei eldre på institusjon
- ha varierte aktivitetstilbod til eldre

Krav til tilgjengelighet og universell utforming bør vere eit gjennomgående tema i alle byggesaker i kommunen.



Kommunen: Teneste- ytar og arbeidsgjevar

Kommunen har som hovudoppgåve å levere tenester til innbyggjarane våre. Samstundes er kommunen ein stor arbeidsgjevar, og det er difor viktig at kommunen utøver dette ansvaret på ein god måte og har tett samarbeid med til-litsvalde.

Kommunen som arbeidsgjevar skal gje politikarar, leiatarar og medarbeidarar tydeligkeit om kva handlingar, haldningar og verdiar arbeidsgjevar praktisjerar og står for i sitt forhold til medarbeidarane. Arbeidsgjevarpolitikken skal bygge på eit positivt menneskesyn, styre og frigjere den menneskelege energien som ligg i organisasjonen, slik at vi kan behalde, rekruttere og utvikle dyktige medarbeidarar med omstillingsevne og brukarfokus.

Leiinga må vere førebudd til samhandlingsreforma og styrke kompetansen på fagarbeidarar og høgskuletuttdana i sektorane dette vedkjem, og sjå til at kommunen har representantar i samarbeidsgrupper med andre kommunar.

Samspelet mellom menneska i organisasjonen har ein dominerande innflytelse på utviklinga av medarbeidar- og brukartilfredsheit. Ei grunnleggjande forutsetning for at det skal vere mogleg å skape ein forventa brukartilfredsheit er at menneska i organisasjonen trivast, utvilar seg og føler seg verdsett.

Venstre vil ikkje kutte meir i velferdsgodene til innbyggjarane våre. Tilsette skal ikkje føle at dei ikkje rekk over dei daglege plikter grunna



for lite bemanning. Vi meiner den offentlege sektoren må styrkast, og for å gjøre det treng vi meir inntekter.

Venstre vil at det skal utgreia om innføring av eigedomsskatt er noko for Askvoll. Ei slik utgreiing må synleggjere dei faktorane som vil vere vesentlege for å ta stilling til om dette er noko vi vil innføre. Vi må ha særleg fokus på ordningar der vi kan skjerme den del av næringslivet med svak økonomi, likeeins ungdom den første tida etter etablering og investering av eigen bolig.

Venstre vil:

- at kvaliteten på tenestetilbodet skal aukast, ikkje reduserast
- at innbyggjarane skal møtast med respekt og god service
- ha utgreiing om eigedomsskatt
- ha god samhandling mellom politikarar, arbeidsgjevar og arbeidstakrar

Politisk rekneskap

Askvoll Venstre har jobba aktivt i perioden som no går mot slutten. Politikk dreier seg om prioritering og påverknad, og vi meiner at det vi har jobba med i denne fireårsperioden har hatt ein positiv innverknad på kvarldagen til innbyggjarane i kommunen vår.

For Venstre er det viktigare at det vert gjort rette vedtak til rett tid, enn å ville hauste ære for å fått fleirtal i sine saker.

Kva lovde vi for perioden 2007-

2011, og kva er gjennomført?

- snu stagnasjon til optimisme og kreativitet
- næringskonsulent 100% stilling
- pådrivar for at kommunen skulle få omstillingsstatus
- bidrage til realisering av Sjøfuglsenteret i Værlandet
- gratis tomter på industriområdet i Olsetvikane



- Atløysambandet nærmere realisering (avsett midlar)
- samlokalisert administrasjonen i nytt rådhus
- vidareført utbygging av breiband og mobildekning
- behelde skule- og barnehagestruktur
- styrka kulturskulen
- rehabilitera helsehuset
- støtta opp om sentralsjukehuset
- støtta viktigeita i å tilby lærlingeplassar i kommunen
- lagt til rette for nye byggjefelt
- tomter i ekstisterande byggffelt for kr. 1.
- starta arbeidet med å få på plass kommuneplan og arealplanar
- hatt godt samarbeid med andre parti

Helsing kommunestyrerepresentantane:
Gunnar Osland, Linda Ness Rotihaug, Kåre Jarl Haugen, Ove Nesberg, Gunhild Berge Stang, Bjørn Arne Mjåseth og Turid Mattevik



Våre kandidatar



1. **Bjørn Arne Mjåseth**

Næringsdrivande,
Atløy

2. **Gunnar Osland**

Næringsdrivande,
Kvammen

3. **Renate Berg**

Kokk,
Kvammen

4. **Ove Nesberg**

Næringsdrivande,
Askvoll



Askvoll Venstre si liste til kommunevalet

2011:

1. **Bjørn Arne Mjåseth**, Atløy
2. **Gunnar Osland**, Kvammen
3. **Renate Berg**, Kvammen
4. **Ove Nesberg**, Askvoll
5. **Turid Mattevik**, Atløy
6. **Malvin Grepstad**, Værlandet
7. **Kari Larsen Stang**, Stongfjorden
8. **Einar Alsaker**, Stongfjorden
9. **Line Rotihaug**, Askvoll
10. **Jørn Magne Hersvik Larsen**, Askvoll
11. **Norvald Gjervik**, Atløy
12. **Marianne Ask**, Askvoll
13. **Steinar Bråstad**, Kvammen
14. **Turid Hugøy**, Askvoll
15. **Nina Etterlid**, Værlandet
16. **Sigbjørn Rørvik**, Askvoll
17. **Kåre Steinar Leknes**, Kvammen
18. **Øyvind Undertun**, Askvoll
19. **Inger Lise Saltskår**, Atløy
20. **Arild Grytten**, Kvammen
21. **Jostein Grane**, Atløy
22. **Katrine Stafsnes Osland**, Kvammen
23. **Ørjan Russenes**, Kvammen
24. **Håvard Søreide Yndestad**, Stongfjorden
25. **Lauge Peder Mandelid**, Kvammen
26. **Jorunn Sølv Blom Aalen**, Kvammen
27. **Linda Ness Rotihaug**, Askvoll



venstre

Bruk røysteretten din 12. september:
Stem Venstre

www.askvoll.venstre.no